

Vedlegg



**DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Energi og miljøkomiteen
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/472-

21. februar 2021

Representantforslag 100 S (2020-2021) om mindre bruk og kast

Eg viser til brev frå Energi- og miljøkomiteen 9. februar om representantforslag 100 S (2020-2021) frå stortingsrepresentantane Trygve Slagsvold Vedum, Sandra Borch, Ole André Myhrvold, Wilfred Nordlund og Åslaug Sem-Jacobsen.

Representantane som står bak forslaga, peiker på tiltak som heng saman med arbeidet for å få til ein meir sirkulær økonomi med mindre bruk og kast. Sentralt i den sirkulære økonomien er betre produkt som har lengre levetid, kan reparerast, kan gjenvinnast og som inneheld sekundære råmateriale. Sentralt i regjeringa sitt arbeid med sirkulær økonomi står difor eit forsterka produktrammeverk slik det no vert utvikla under EU sin handlingsplan for sirkulær økonomi frå mars 2020. Framlegget til EU-forordning om batteri frå i fjor vitnar om at EU framover tar sikte på breie regelverk som dekker heile livsløpet til produkt. Målet er å redusere klima- og miljøfotavtrykket frå produksjon og forbruk og auke innslaget av sekundære råvarer. Sju sentrale produktområde, elektroniske og elektriske produkt, batteri og køyretøy, emballasje, plast, tekstil, byggevarer og mat, er peika ut. Krav til innblanding av sekundære råstoff i nye produkt, dokumentasjon av klimafotavtrykk og berekraftige leveransekjeder, skjerpa produsentansvar, nye rettar for forbrukarane og nye plikter for offentlege innkjøparar er nokre av tiltaka som i sum skal trekke i same retning. Batteriforordninga seiast å vere ein mal for kommande regelverk på dei resterande produktområda. Det vil direkte endre rammevilkåra for norske verksemder og forbrukarar.

Gjennom det gode samarbeidet med EU og ein nasjonal strategi for sirkulær økonomi vil regjeringa føre ein aktiv politikk for at sirkulær økonomi i Noreg bidreg til måla i miljø- og klimapolitikken og styrker norsk konkurranseskraft.

1. Stortinget ber regjeringen gå gjennom og legge frem forslag til endringer av statens avhendinginstruks, med mål om at gjenbruk av statens eiendeler, som for eksempel møbler og annet inventar, skal bli enklere.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har fått forslaget til vurdering, og viser til følgande:

"Avhending av statlege eigedelar, møblar og inventar vert regulert av "Instruks om utrangering, kassasjon og avhending av materiell og fast eiendom som tilhører staten" av 17. mars 1978. Instruksen gjeld materiell som staten skal selge fordi behovet ikkje lenger er til stades, det ikkje lenger er eigna til sitt formål, eller ikkje er økonomisk lønsamt å setje i stand att.

Eksisterande regelverk inneholder ikkje føresegner som seier at statlege eigedelar ikkje kan gjenbrukast. Mykje vert gjenbrukt.

Regjeringa vil sjå nærmare på om det er tenleg med eigne reglar om gjenbruk av statleg eigedom som møblar og inventar."

2. Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til hvordan staten og offentlig sektor kan ha en gjenbruksstrategi for egne bygg og inventar istedenfor å bygge og kjøpe nyt.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har fått forslaget til vurdering, og viser til følgande:

"I Meld. St. 13 (2020–2021) Klimaplan for 2021–2030 vart det fremja ein ambisjon om at staten skal nytte noverande bygg vidare og sikre gjenbruk av fråflytta eigedom. Ambisjonen vert drøfta vidare i ein komande heilskapleg strategi for bygg og eigedom i statleg sivil sektor og i strategi for sirkulær økonomi.

Regjeringa vil sjå på om det er tenleg òg å etablere ein strategi for gjenbruk av inventar."

3. Stortinget ber regjeringen sørge for at det ved offentlige innkjøp er en anskaffelsesstrategi som legger til rette for lokale, regionale og nasjonale leverandører som blant annet bidrar til mindre transport og ressursbruk.

Svaret er utarbeidd i samråd med Samferdselsdepartementet:

Offentlege innkjøp er eit viktig verkemiddel for å fremje norsk næringsliv, det grøne skiftet og for at vi når dei ulike samfunnsmåla våre. Det betyr at offentlege verksemder gjennom innkjøpa sine kan påverke utviklinga i marknaden i ei ønskt retning som både bidreg til at vi når viktige samfunnsmål samtidig som norsk næringsliv styrker konkurransenevna. Stortingsmeldinga om innovasjon i offentleg sektor viser til at offentleg sektor gjennom auka bruk av innovative innkjøp kan bli ein sterkare innovasjonsmotor. Innovative innkjøp gir positive effektar både for offentleg sektor som oppdragsgivar, næringslivet som leverandørar og for innbyggjarane.

Berekningar viser at offentleg innkjøp utgjer rundt 16 prosent av Noregs klimafotavtrykk og om lag 17 prosent av BNP. I regjeringa sin klimaplan fram til 2030, Meld.st. 13 2020-2021 Klimaplan for 2021-2030, peikar regjeringa på område der offentlege innkjøp er særleg eigna som verkemiddel for å nå Noregs klima- og miljømål: transport, bygg og anlegg, sirkulær økonomi, mat og matsvinn, plast og helse- og miljøfarlege stoff. Desse områda vil prioriterast av regjeringa framover. Handlingsplanen for grøne og innovative offentlege innkjøp som er under utarbeidning, vil rettleie om offentleg praksis på desse områda.

4. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å erstatte dagens emballasjeavgift med en differensiert materialavgift som premierer bruk av fornybare og resirkulerte materialer.

Det er ikke bedt om vurdering av dette forslaget.

5. Stortinget ber regjeringen utrede og legge frem for Stortinget forslag til endringer av reklamasjonsretten og selgers bevisbyrde som i sterkere grad stimulerer til at varer med lengre holdbarhet tilbys på markedet.-

Justis- og beredskapsdepartementet har fått forslaget til vurdering, og viser til følgande:

"EU har vedtatt eit nytt direktiv om forbrukarkjøp som skal gjennomførast i forbrukarkjøpslova. Direktivet er i utgangspunktet fullharmonisert. Det vil seie at dersom ikkje noko anna går fram av direktivet, kan medlemsstatane ikkje fastsette reglar som avvik frå direktivet.

I eit tidlegare framlegg til direktiv var reklamasjonsfristen to år for alle varar. Noreg arbeidde aktivt for å gjøre det mogleg å halde fram med ein reklamasjonsfrist på fem år for særleg haldbare varar. I det endelige direktivet er dette endra, slik at ein kan halde fram med ein lengre reklamasjonsfrist enn to år.

Direktivet utvidar perioden seljaren har bevisbyrda for manglar frå seks månader til eit år, og det er også mogleg å fastsette to år. Det er ikkje utenkeleg at det kan gje meir haldbare varar, men det er vanskeleg å seie.

Det er i det heile eit omstridd spørsmål i kva grad reglane om reklamasjonsfrist og bevisbyrde har noko å seie for meir haldbare varar. Sidan det er avtalefridom, vil endringar i reglane om reklamasjonsfrist eller bevisbyrde ikkje vere til hinder for at ein forbrukar gjer avtale om kjøp av varar med kort haldbarheit. Det er difor usikkert om slike endringar vil føre til meir haldbare varar, når det uansett vil kome an på avtalen kva krav ein kan stille til varens haldbarheit.

Justis- og beredskapsdepartementet arbeider med å gjennomføre direktivet i norsk rett, og vil då sjå på reglane om reklamasjon og bevisbyrde for seljaren i lys av direktivet."

6. Stortinget ber regjeringen utrede og fremme forslag om å forby produkter med innebygd planlagt foreldelse, slik at det blir umulig å bevisst bygge inn mekanismer og egenskaper i produkter og varer som gjør at de får et forkortet livsløp.

Barne- og familieliedepartementet har fått forslaget til vurdering, og viser til følgande:

"Europas grøne giv inneheld mange tiltak som vil styrke forbrukarane si makt i det grøne skiftet og sette dei i stand til å gjøre informerte, "grøne" val. EU vil utvide og styrke krava til berekraftig produktdesign, gjennom regelverket for økodesign. Forslag til nye reglar som skal sikre betre informasjon om mellom anna levetida til produkta og mogleghet for reparasjon, og reglar som skal hindre villeiande miljøpåstandar i marknadsføring, er og venta før sommaren (2021).

Når det gjeld planlagt forelding, er det eit område som det er krevjande å regulere. Det kan mellom anna vere vanskeleg å skilje mellom planlagt forelding, og det at produsenten lagar ein variant av god kvalitet og ein annan "billigversjon" av same produkt.

Planlagt forelding kan allereie i dag vere i strid med dei felleseuropæiske reglane om forbod mot urimeleg handelspraksis, etter ei konkret vurdering frå sak til sak. EU-kommisjonen arbeider no med å skjerpe reglane, og vil før sommaren leggje fram forslag til endringar som skal hindre planlagt forelding. Det kan til dømes komme meir detaljerte retningslinjer for vurdering av om det ligg føre planlagt forelding, eller ein definisjon av planlagt forelding og eit uttrykkeleg forbod.

Det kan gjerast mykje nasjonalt for å legge til rette for meir berekraftig forbruk, til dømes ordninga med utlån av sports- og fritidsutstyr. Men når det gjeld produktkrav, må vi arbeide saman med EU for gode felleseuropæiske reglar. Krav som stillast til produkt som skal seljast på ein marknad på nesten 450 millionar forbrukarar, har ein heilt annan verknad enn om vi skulle lage nasjonale reglar for vår marknad på 5,4 millionar.

Noreg ønskjer velkommen tiltak og regelverk frå EU på dette området. Vi deltek i ekspertgrupper og gir innspel på ulike måtar til arbeidet i EU med å førebu nytt regelverk. Når forslaga kjem vil vi på vanleg måte høyre dei og lage ein norsk posisjon som fremjast i vidare arbeid i EU."

7. Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til hvordan det kan stilles krav om at alle offentlige virksomheter må gjøre en kvalifisert vurdering av om hele eller deler av innbo og inventar kan gjenbrukes eller på annen måte transformeres til å passe inn i nye lokaler ved nybygging, flytting eller oppgradering av lokaliteter, tjenestested og lignende.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har fått forslaget til vurdering, og viser til følgande:

"Det er allereie slik at det må vurderast kva for utstyr som kan bli tatt med inn i nye lokale. Ved statlege byggjeprosjekt i sivil sektor vert det etablert eit eige prosjekt for brukarutstyr, der det vert vurdert kva for utstyr som er eigna for vidare bruk i nye lokale og kva som må kjøpast nytt. Når staten skal leige nye lokale, vert det ikkje etablert eigne prosjekt for brukarutstyr."

Med helsing



Sveinung Rotevatn